



Meland kommune

Meland Idrettsråd
c/o Bjørn Tore Hesjedal Markavegen 2M
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/2600 - 18/25179

Saksbehandlar:
Eirik Bouwer Utne
eirik.utne@meland.kommune.no

29.11.2018

Referat - møte mellom Meland kommune og Meland idrettsråd, 29.11.2018

**Meland rådhus, møterom 5
29.11.2018, kl. 12-13**

Tilstades:

Bjørn Tore Hesjedal	– leiar Meland idrettsråd
Knut Martin Bjørnestad	– varamedlem Meland idrettsråd
Øyvind H. Oddekalv	– ordførar
Martin Kulild	– rådmann
Eirik Bouwer Utne	– kultursjef

Referent – Eirik Bouwer Utne

Leiar i idrettsrådet, Bjørn Tore Hesjedal, orienterte om bakgrunnen for initiativet til møtet, samt om idretten i kommunen, problemstillingar knytt til drift av idrettsanlegga i Meland og økonomiske føresetnadar for laga i det høvet.

Meland idrettsråd presenterte vidare at dei ønskjer faste avtalar på tilskot til drift av idrettsanlegg i kommunen, med prioritet for IL Kvernbit/Fossemyra, Meland Golf, Meland Motorsport, Meland Skyttarlag, Nordhordland padleklubb, NHIL/Leirdalen og Vestbygd.

I første rekkje ser idrettsrådet at eventuelle avtalar òg bør ha med seg auka rammer for å kome i møte kostnadane ved anleggsdrifta, og ønskjer sekundært avtalar på basis av dagens nivå.

Vidare la idrettsrådet fram at dei har behov for føreseielegheit i dei økonomiske overføringane.

Kommunen understreka at rammene for overføringane har auka dei siste åra, og ikkje vore utsett for kutt. Det er ikkje høve for auke i 2019, grunna kommuneøkonomien.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 98 36413
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Det vert heldt eit nytt møte mellom Meland kommune og idrettsrådet gjeldande vidare oppfølging av saka i slutten av januar 2019.

Med helsing

Eirik Bouwer Utne
leiar kultur

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:

Knut Martin Hovda Bjørnstad

Bjørnstadvegen 5919
237

Martin W. Kulild
Meland Idrettsråd

c/o Bjørn Tore 5918
Hesjedal
Markavegen 2M

FREKHAUG

Øyvind H. Oddekalv